



Hordaland fylkeskommune
v/ Venke Barrikmo, opplæringsavdelinga
PB 7900,
5020 Bergen
Dato: 6.4.2018
Vår ref: Knut Olav Røssland Nestås

Agnes Mowinckels Gate 5,
Fylkeshuset, 5008 Bergen
Postboks 7900,
5020 Bergen

Tlf: +47 41 20 61 32
nestas@tryggtrafikk.no
www.tryggtrafikk.no

Søknad om økonomisk stønad til rebusløpet 2018

Også i 2018 planlegger me gjennomføring av rebusløp for russen i Hordaland. Arrangementet vil bli avvikla fredag 27. april. Rebusen er eit tverrfagleg samarbeid som inkluderer Politiet, Statens vegvesen, Bergen kommune, hovudstyret for russen, Juvente, Norges Automobilforbund (NAF), Motorførernes avholdsforbund (MA), Autoriserte trafikkskolers landsforbund (ATL), Kongelig norsk automobilklub (KNA), BI Bergen, Bergensområdets interkommunale renovasjonsselskap (BIR), Røde Kors, Gjensidige forsikring, Universitetet i Bergen (medisinerstudentenes seksualopplysning), Konfliktrådet og Trygg Trafikk.

Russerebusløpet har blitt ein fin tradisjon i fylket, og me ventar deltaking frå mange vidaregåande skular i Hordaland. Dei siste åra har deltakinga vore om lag 100 bilar. Me har jobba med å få ut informasjonen til flest mogleg skular i år, og vonar difor på god deltaking.

Det har blitt populært å kome i mål med den mest «edru» bilen – det vil sei at alle som er i bilen held seg edru heile rebusløpet og blir godkjent i politiet sin promillekontroll ved målgang. Desse bilene er med i trekninga av flotte premiar. I tillegg blir det gjeve premiar etter utrekning av flest mogleg poeng i rebusløypa.

For å få gjennomført arrangementet, er me avhengig av økonomisk stønad frå ulike offentlege aktørar. **Me tillet oss også i år å søkje om tilskot på kroner 40 000,- frå opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune, som har vore ein viktig og god samarbeidspartnar.** Midlane vil



bli øyremerka premiar gjevne etter utrekning på poeng, edru russ og etter ei trekning mellom bilar. Det vil bli til saman 19 premiar, i storleiksorden frå kr. 1000,- til 5000,- og med ei ramme på kr. 40 000,- til saman.

Me håpar på snarleg positivt svar. Eventuelle spørsmål kan rettast til underteikna på telefon 412 06 132 eller e-post: nestas@tryggtrafikk.no.

Ved positiv tilbakemelding kan midlane betalast inn til Trygg Trafikk, kontonummer 7044.05.05757, og merkast med Hordaland fylke -226-aktivitet 22 Russ. Trygg Trafikk sitt organisasjonsnummer er 970 133 410.

De er hjarteleg velkomne til å stille med ein eller fleire representantar som observatør under arrangementet!

Med venleg helsing

Knut Olav R. Nestås
Distriktsleiar Hordaland
Tel: (+47) 41 20 61 32
E-post: nestas@tryggtrafikk.no

Trygg Trafikk
Agnes Mowinckels Gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
www.tryggtrafikk.no

